



Saksbehandler: Hildur Kleppe
Tlf.: +47 55587536

Vår dato: 10.01.2011
Deres dato: 20.10.2010

Vår ref. 2010/4646 - 0
Deres ref.: 201005135-/SRM

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyringsfråsegn om forslag til endringar i opplæringslova og privatskulelova – kompetanseregler m.m.

Høgskulen i Bergen er beden om å kome med innspel til forslaga til endringar i opplæringslova og privatskulelova. For høgskulen sin del er det særleg to område som er aktuelle å kommentere. Det gjeld særleg kapittel 2, om kompetansekrav for undervisning, og kapittel 5, om politiattest.

Kompetansekrav for undervisning

Lærarrolla og lærarkompetanse vert framheva i høyringsnotatet. Det er, slik Høgskulen i Bergen ser det, eit vesentleg signal om kva dagens og morgondagens elevar skal møte i skulekvardagen. Ein viktig diskusjon innanfor denne tematikken handlar om dei første trinna i barneskulen og graden av formell fagkompetanse. Høgskulen i Bergen ser behovet for fagkompetanse i alle fag i alle trinn, men ser også at det ikkje er realisme i å innføre kompetansekrav i alle fag på det noverande tidspunkt. Høyringsnotatets forslag til ny lovtekst i § 10-1 er derfor etter høgskulens syn fornuftig, då det å innføre kompetansekrav i dei to største faga vil vere ein viktig måte å sikre kvaliteten i skulen.

I den føreslatté §10-1, 3.-5. ledd, kjem unntaka for kravet om kompetanse i visse fag. Unntak er ofte viktige for at ei lov skal fungere godt, men vil også til ei viss grad vere med på å uthole lova. At krav til kompetanse ikkje skal gjelde for tilsette i midlertidige stillingar, kan vere med på å svekke kompetansekravet som igjen kan gå utover elevgruppa. Samtidig er det viktig å understreke at den føreslatté paragrafen om tilsetting på vilkår har eit viktig og godt incentiv som for mange skular kan vere med på å sikre rekruttering og kontinuitet i lærarstaben. Det er vidare eit poeng at dersom utlyste stillingar ikkje får kvalifiserte søkerar, så er det berre mogleg å tilsette midlertidig.

Politiattest

Høyringsnotatet spør spesifikt om synspunkt på om ein bør fjerne det eksisterande yrkesforbodet for dei som er dømde for seksuelle overgrep mot barn eller om ein bør utvide det til også å gjelde rans- og valdsforbrytingar i tillegg til grov narkotikakriminalitet. Høgskulen i Bergen støttar seg til Nasjonalt råd for lærarutdanning om at det bør kome fram i opplæringslova kva konsekvensar

kriminelle handlingar vil få. Høgskulen støttar også forslaget om at krav om politiattest og konsekvensane for tilsetting skal gjelde skuleliknande tilbod. Det bør i tillegg kome fram at visse kriminelle forhold vil føre med seg utestenging frå lærarutdanningane, noko som er med på å sikre arbeidet med å rettleie studentar ut.

Med hilsen

Eli Bergsvik (s)
rektor

Audun Rivedal (s)
høgskoledirektør